

Hardangerfjordseminaret **UNG**

Norheimsund, 10. september 2015

Hardangerfjordseminaret UNG er eit dagseminar for elevar i dei vidaregåande skulane i indre Hordaland som har vald biologi/naturbruk/akvakultur som fordjuping. Kring 100 elevar er venta til Norheimsund. Seminaret er tufta på det veletablerte Hardangerfjordseminaret, som etter ni år har blitt ein nasjonal arena for spørsmål knytt til ei berekraftig forvaltning av vassdrag, fjord og kyst.

Føremålet med seminaret er å gjere elevane kjende med nærmiljøet sitt, vekke interesse for den biologien som vi finn i fjorden og knyte dette opp til teorien som dei lærer i faget. Vekke interesse og glød innan det fagvalet dei har teke, også med tanke på vidare utdanning og jobbmoglegheiter.

Dagen startar med korte føredrag, der det er henta inn føredragshaldarar med høg fagleg kompetanse. Lunsjen vert laga og servert av elevar frå restaurant- og matfag ved Fitjar vgd skule. Etter lunsj vert det ein praktisk del, der elevane jobbar i grupper saman med fagpersonar. Både føredraga og aktivitetane er knytt opp til læreplanen i dei ulike faga. Tema som mellom anna kan vere aktuelt å setje fokus på denne dagen er:

- Kva om Hardangerfjorden ikkje fantes? Korleis ville miljøet vårt sett ut utan innverknad frå fjorden?
- Lakselussituasjonen: Kva konsekvensar har parasittbehandlinga på miljø og biologi?
- Vernesoner i Hardangerfjorden, kva inneber dette?
- Tungmetall: Kva er stoda i Hardangerfjorden?

Seminaret er gratis for skulane. Transport av elevane håpar vi at skulane kan ta ansvar for sjølve, men vert det vanskeleg så ta kontakt. Vi startar dagen med føredrag kl 10 og avsluttar rundt kl 16. Det er derfor fint å få ei tilbakemelding på kor mange som blir med frå kvar enkelt skule. Endeleg program vert tilsendt skulen så snart dei siste detaljane er på plass.

Dette vert ein spanande og lærerik dag, både for elevar og lærarar, me håpar difor at flest mogeleg vel å ta turen til Norheimsund.

Har skulen behov for meir informasjon, så ta gjerne kontakt. Kontaktadresse for påmelding og informasjon: kjehol4@hfk.no

Velkomen til Norheimsund - me gler oss!

